
Fra: Thomas Bjørkeland <Thomas.Bjorkeland@museumvest.no>
Sendt: tirsdag 11. juni 2019 13:02
Til: sigrun.wolstad@hfk.no
Kopi: Postmottak Meland
Emne: Vedr. Temarevisjon av kommuneplanen sin arealdel for Meland kommune. 2014/18701-40. Forholdet til marine kulturminne.

Kategorier: Grønn kategori

Vedr. Temarevisjon av kommuneplanen sin arealdel for Meland kommune. 2014/18701-40. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til e-post motteke 13.05.2019.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Vårt ansvarsområde, etter føresegns til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinarkæologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som råkar sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndighet til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råke kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Varslinga skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekommstar av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.

Slik vi kan sjå vil ikkje planrevisjonen råke nokre kjende marine kulturminne. Potensialet for å gjere funn av marine kulturminne må allikevel vurderast i kvar enkel sak når desse kjem på høyring. På meir generell basis kan vi nemne Bark Eline (askeladden id: 89151) som forliste i 1912. Dette vraket er automatisk freda og ligg nord for Skjeljanger. I hamneområdet utenfor Littlebergen (askeladden id: 123730) er det funne spor etter aktivitet frå 1600-talet og utover. Vi har tidligere registrert fortøyningsboltar og -ringer i Skjelangersundet. Dei fleste er frå 1800-talet, mens nokre kan gå attende til 1500-talet. Dei har vore nytta til fortøyning og varping og det bør takast vare på som eit kulturminne.

Thomas Bjørkeland | Bergens Sjøfartsmuseum

Marinarkeolog | + 47 55 54 96 11

www.museumvest.no